

Årsmelding 2022 for Valdres-GIS

Valdres-GIS (VGIS) er eit interkommunalt samarbeid om geodata og GIS-løysingar for Etnedal, Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Vestre Slidre, Øystre Slidre og Vang kommunar. Vang er vertskommune for samarbeidet. For å styrke samarbeidet både fagleg og regionalt er det i tillegg etablert samarbeid med: Kartverket Hamar, Valdres Kommunale Renovasjon, Valdres Energi, Vang Energiverk, Sør-Aurdal Energi, VOKKS og fjellstyra i Øystre Slidre og Vestre Slidre.

VGIS inneber i mindre grad enn andre vertskommunesamarbeid at vertskommunen tek over forvaltningsoppgåver for dei andre kommunane. Innanfor VGIS vil forvaltningsoppgåver og tenesteproduksjon i dei seks Valdreskommunane normalt bli utført i den enskilde kommunen, men innanfor ramma av vertskommunesamarbeidet kan anna arbeidsfordeling avtalast. Det er tilsett ein GIS-konsulent i fast stilling i samarbeidet og har vore ein tilsett i eit 60% engasjement.

Vertskommunen har arbeidsgjevaransvar og er kontorstad for GIS-konsulenten og økonomiansvar for VGIS.

GIS-konsulenten har ansvaret for å vere bindeledd mellom kommunane, fagområda i kommunane, IKT-Valdres, Kartverket og NOIS-brukarforum (brukarforum for GIS-samarbeid i Innlandet som har GIS-verktøy frå Norconsult).

I tillegg har GIS-konsulenten blant anna ansvar for:

- At programvareplattforma til ei kvar tid er oppdatert.
- Innhaldet og vedlikehaldsrutinar på kartserverane, synkronisering mot internettkartet og utskifting av basar etter Kartverkets ajourhaldrutinar.
- Opplæring/kursing av nye kartbrukarar samt syte for at eksisterande brukarar innehavar tilstrekkeleg kompetanse.
- Bistå brukarar ved behov.
- Syte for at kartsamarbeidet fungerer nokolunde knirkefritt.

Heilskapleg vurdering

VGIS er formalisert som eit interkommunalt geodatasamarbeid med ein GIS-konsulent i 100 % stilling (frå 1. juni 2012). GIS-konsulenten utfører forvaltningsoppgåver for alle kommunane, i tillegg til spesialiserte oppgåver etter behov i den enkelte kommune.

I 2021 vart stillingsheimelen i VGIS utvida med eit midlertidig engasjement på 60%. Dette engasjementet vart vidareført i 2022 for å mellom anna avlaste Lars i samband med gjennomføring av anbodsprosess for GIS-systema. I tillegg har engasjementet hatt i oppgåve å fylgje opp nyttilsette og gjennom å kvalitetsheve planregister, forvaltningsbasar for plan og konsistens mellom bygg-/tiltaksbasar og matrikkel.

2022 har i stor grad vore prega av anbodsprosess på kartsystema (forvaltningsprogramvare og internettkart). Dette har ikkje vore gjennomført tilsvarande prosess sidan oppstarten av GIS-samarbeidet i 2005. Det var derfor ynskjeleg å køyre ein brei og grundig prosess opp mot dei ulike brukarinteressene i kommunane for å klarlegge utfordringar og behov. Med mål om å få eit system som dekker inn det meste av dagens behov og utfordringar. Innledningsvis var det utført arbeidsflytkartlegging og samtaler med faggrupper og interessentar, før ynskja konsept vart fastsett etter ein marknadsdialog med potensielle leverandørar. I konseptet vart det fastsett at me lyste ut to separate, men parallelle anbod; eit for forvaltningsverktøy og eit for innsynsverktøy (webkart). Dei viktigaste innsatsområda for prosjektet var å etablere eit system som understøtta arbeidsprosessen på ein betre måte, med enklare brukarterskel, betre dataflyt,

enklare dialog med innbyggjarar og støtte for 3D. I tillegg skal all drift over på skydrift. Konseptet vart konkretisert gjennom omfattande anbodsdokumentasjon med tilhøyrande kravtabellar som vart lyst ut samtidig i starten av desember. Det er som sagt gjort ein veldig grundig jobb. Tanken bak dette er for å mellom anna enklare kunne gjennomføre eit anbod på heile – eller delar av systema i løpet av 4-7 år.

Dei dyktige og svært engasjerte sakshandsamarane i kartsamarbeidet produserer jamt over kartdata av høg og god kvalitet jf. våre forpliktingar etter Geovekst-avtala og regulert gjennom gjeldande lovverk. Men også i 2022 ser ein at utskifting av personell og tidvis stort arbeidspress kan gå utover det kontinuerlege ajourhaldet som vi er pliktig å utføre i henhold til gjeldande lover og avtaleverk.

Sentrale hendingar og aktivitetar

- Vidareføring av GIS-konsulent i 60% engasjement. Hovudoppgåver: avlaste GIS-konsulent ifb. GIS-prosjektet, kvalitetsheving av forvaltningsbasar og register for plandata, kvalitetsheving bygg/matrikkel, samt oppfylging av nyttilsette.
- Anbodsprosjekt. Det vart i tillegg søkt om skjønnsmidlar til ein utviding av anbodsprosjektet til ein heilskapleg tilnærming for digitalisering av plan- og byggesaksområdet i regionen. Søkt om 1 mill. over to år. Fekk tilslag på 0,5 mill år for 2022 som omsøkt. Sentrale aktiviteter:
 - Gjennomført 44 møter i samband med prosjektet i 2022 (ca. 850 timer i eigeninnsats-timar fra IKT og prosjektleiar kjem i tillegg).
 - Gjennomført arbeidsflytkartleggingar med faggruppene i samarbeidet, med fokus på heildigital saksgang.
 - Informasjonsarbeid om eByggesak og ePlansak.
 - Workshop med representant frå KS om eByggesak og ePlansak.
- Oppfylging av opplæring ifb. innføring av nytt VA-system for fem av seks kommunar. (no har alle seks Valdreskommunane same VA-system).
- Innføring av Elveg 2.0. Nytt forvalningsregime til nettverks- og rutedata for veg-tema. No er alle veg-data også inkludert i Sentral-FKB. Slik at alle Geovekstpartar og kundar av geovekstdata får betre og oppdaterte veg- og rutedata mykje hyppigare.
- Det føregår fortsatt manuell datautveksling for nokre datasett. Dette er utført for kommune-, og kommunedelplandata. I tillegg til relevant VA-data (hydrantar, brannventil osv.) til 110-sentralen.
- Fast GIS-konsulent har elles vore med på/i:
 - Programkomitéen for droneforum i Innlandet.
 - Deltakar i gruppe for utarbeiding av metodikk og rettleiar for innlegging av dronebilder i nasjonale forvaltningsløysingar.
 - Representant i referansegruppe for evaluering av kompetansetiltak innan etter- og vidareutdanning i offentleg planlegging i regi av Kommunal- og distriktsdepartementet.
 - Referansegruppe for SOSI Plan.
 - Arbeidsgruppe for nytt datasett for blå-grønne strukturar. Dette var arbeidspakke i Kartverkets satsingsforslag mot Geosats 2024 som ikkje vart vidareført. Arbeidet vart derimot vidareført som eit potensielt nytt FKB-datasett for Grønnstrukturer der Lars også er med i arbeidsgruppa (Nibio leiar dette arbeidet).
 - Foredrag på fellesmøte for Fylkesgeodatautvalet og arbeidsutval for tema- og basisdata i Innlandet.

- IKT-Valdres' prosjekt med nye digitale arbeidsflater.
- Etablering av nytt lokalt tema datasett, historisk myr. For betre statestikk og oversikt over regulerte og nedbygde myrområde.
- Fast GIS-konsulenten er med som representant i Geovekstforum som medlem av fagrådet i Geovekst kommune
- Faggruppe plan og bygg har gjennomført møter med besøk av bla. statsforvaltar og miljødirektoratet.
- Lars har elles hatt ulike møter med kartsamarbeid i Nord-Østerdalen, Nord-Gudbrandsdalen og Lillehammer -regionen om anbodsprosess og korleis koma i gang.
- Gjennomført ein-til ein-oppfylging av sakshandsamarar innanfor plan- og bygg – og i år også for eit par på oppmåling. Gis-konsulentane har elles vore bidragsytar i kommuneplanens arealdel i Øystre Slidre.
- Det er gjennomført nokre prosjekt med drone.

Resultat og avvik

Tabell: Økonomisk resultat. Avvik mellom rekneskap og budsjett (negative tal er mindreforbruk). Tall i 1000 kr.

	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Avvik, kr
10 Lønnskostnader, netto	1031	1235	-204
11 Andre driftsutgifter	1585	1692	-107
12 Utstyr, vedlikehald m.m.	34	255	-221
13 Kjøp av tenester	0	14	-14
14 Overføringsutgifter	383	447	-64
15 Finansutgifter			
Sum utgifter	3033	3643	-610
10 Lønnskostnader, netto			
16 Sal- og leigeinntekter			
17 Refusjonsinntekter	-2533	-3643	1110
18 Tilskot frå stat og kommunar	-500	0	-500
19 Finansinntekter			
Sum inntekter	-3033	-3643	610
Netto	0	0	0

Arsverk: VGIS hadde 1,4 årsverk i 2022.

Utgiftene vart lågare enn budsjettet. Dette har skuldast mellom anna lågare stillingsprosent for GIS-engasjementet enn budsjettet med, mindre eksterne kostnadar til anbodsprosjektet (basert på erfaringstal frå andre kommunar), pluss skjønnsmidlar frå Statsforvaltar.

Utfordringar, moglegheiter og strategiar framover

- Gjennomføring av anskaffelsen etter fastsett framdriftsplan er fyrste prioritert. Den legg opp til innføring av forvaltningsverktøy før sumaren og innsynsverktøyet til hausten.
- For å hauste gevinstane av dei nye kartverktøya er det avgjerande med god kommunikasjon til brukarane og at dei ulike brukargruppene får avsett nok tid til opplæring og å sette seg inn i dei nye systema.
- Nye kartsystem legg opp til betre digital samhandling og dataflyt. Nye rutinar må tilpassast systema og brukarar må ta desse i bruk. Viktig at leiarnivå støtta opp under dette.
- God kvalitet på geodata er og blir viktig framover. Med SFKB og synkronisering av plandata forventast det at data oppdaterast/vedlikehaldas etter fastsette fristar. Eksempelvis mottar me melding frå Statsforvaltar umiddelbart om det er meldt oppstart av ein reguleringsplan som ikkje er tilgjengeleg i kommunalt planregister. Ein ser og at gode og oppdaterte geodata blir viktigare og viktigare for ulike typar arealstatistikkk.
- For å redusere sårbarheit og trygge kontinuiteten i samarbeidet siktas det mot å vidareføre engasjementet i VGIS. Dette vil vera ekstra viktig ved implementering av to dei nye kartløysingane.
- Om utskifting av sakshandsamarar innanfor ulike fagfelt fortsett med same frekvens som me har opplevd dei seinare åra bør det kanskje vurderast å styrke GIS-samarbeidet for å oppretthalde kontinuiteten i ajourhaldet av geodata regulert gjennom lov- og sentralt avtaleverk.
- Det siktas på å vidareføre arbeidet med å jobbe mot fulldigital saksgangar innanfor plan- og bygesaksområdet (innføring av eByggesak og ePlansak).